



Tore Mathiesen frå Uskedalen, saman med Trond Haga, har utvikla det som vert omtalt som Stordmodellen.

Tore Mathiesen frå Uskedalen har vore med og utvikla det som vert kalla Stordmodellen. Det handlar om å satsa på høgare utdanning for dei som alt er fagarbeidarar. Regjeringa løyver totalt 100 mill. kr til eit fleksibelt utdanningstilbod på nasjonalt nivå og Mathiesen saman med Trond Haga, begge frå Kværner, organiserer og legg til rette for tilbodet på Stord.

Over mange år, frå 2011, er det gjort gode erfaringar med å leggja til trette for høgare utdanning, ubunde av tid, stad og livssituasjon. Industrien på Stord, med Kværner, Vartsila, Leirvik og Adventec, har markert seg nasjonalt med si tilnærming til vidareutdanning av fagarbeidarar og teknisk personale.

Den lokale leverandørindustrien har gjort ein god jobb med å få fram behovet for auka ingeniørkompetanse. Tore Mathiesen har heile tid vore primus motor i arbeidet med etter- og vidareutdanning av fagarbeidarar. Utdanningsløpet går over 6 år, 2+2+2, der ein er lærling i 2 år, elev på fagskule i 2 år og med høve til å ta graden bachelor til slutt over 2 år. Alt vert gjort mens ein er i arbeid.



Bilete frå juni 2019 syner utdeling av vitnemål for fullført fagskule. Ytterst til venstre står Håvard Steinsvik frå Uskedalen. I tillegg til dette har Tore vore med på ein pilot i samarbeid mellom LO og Norsk industri der ein tek 10 studiepoeng om gangen, som eit delstudium.

Industrien i Sunnhordland står overfor store endringer i tida framover, noko som har innverknad på behovet for utdanning og kompetanse. Til no har over 200 personar fullført ei utdanning etter Stordmodellen. Av dei kjem det studentar frå Kvinnherad og Uskedalen. Håvard Steinsvik er ein av dei.

Trond Haga har doktorgrad i organisasjon- og bedriftsleiing. Tore Mathiesen er Ekom installatør for Kværner, fagleg ansvarleg for Telekom installasjonane i Kværner sine prosjekt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Pressefoto Sunnhordland/ Tore Mathiesen